

Innspel til barne- og ungdomskulturmeldinga

Norske Billedkunstnere (NBK) er fagorganisasjonen for profesjonelle biletkunstnarar i Noreg. NBK sitt formål er å ivareta biletkunstnarane sine faglege, ideelle, økonomiske og sosiale rettar og interesser. Fordelt på 20 grunnorganisasjonar representerer NBK 3 000 kunstnarar frå det visuelle feltet. NBK er arrangør av Høstutstillinga, gir ut fagbladet *Billedkunst* og instiller til statlege og andre stipend- og støtteordningar for biletkunstnarar.

Innleiing og bakgrunn

Kunsten har ei sentral og overgripande rolle i samfunnet, ved å synleggjere verda i oss og rundt oss. Den bidrar til meningsdanning, meningsutveksling og kritisk tenking – grunnleggjande eigenskapar vi treng som aktive medborgarar i eit demokratisk samfunn. Eit berekraftig og framtidretta kulturliv treng difor fokus på inkludering, mangfald og møter med kunst frå tidleg alder av.

Vidare må kunsten få vere ein sentral del av livet til alle innbyggjarar, uavhengig av sosial, kulturell og økonomisk bakgrunn. Som Kulturmeldinga (Meld.St. 8 (2018-2019) *Kulturens kraft*) slår fast; "alle skal få sjansen til å ta del i kulturaktivitetar, og kulturgoda skal vere tilgjengelege for alle grupper i befolkninga, uavhengig av sosial og kulturell bakgrunn, alder, kjønn og funksjonsevne". Dette er ambisiøse mål som fordrar konkrete tiltak for å sikre at alle barn og ungdom får delta og vere aktive på kunst- og kulturarenaer, og at framtidige kunstnarar blir rekruttert frå alle lag av folkesetnaden.

NBK meiner arbeidet med barne- og ungdomskulturmeldinga må ta utgangspunkt i dette, og ser på følgjande punkt som særskilt viktige å inkludere:

Kunst i skulen

Skulen er vår største kunstinstitusjon og den einaste institusjonen i samfunnet som *alle* barn og unge må gjennom. Som det står i opplæringslova § 1-1, skal skulen "opne dører mot verda og framtida og gje elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring". For at elevar skal få kulturell innsikt og forankring, må kunstfaga sin status styrkast og stå på lik linje med andre fag.

Skulen er ein særskilt viktig arena for å bidra til identitetsbygging og aktivt demokratisk medborgarskap. Som det står i Kulturmeldinga; "Kunst og kultur kan gi barn og unge opplevingar og eit rom for ytring som har identitetsbyggjande kraft i livet til den enkelte". Kunsten spelar slik sett ei avgjerande rolle for ytringsfridom, debatt, kritisk tenking og

meningsdanning. Barn og ungdom sine kunstmøter har difor potensiale til å styrke det demokratiske medborgarskapet, både i framtida og her og no.

I løpet av kort tid har kulturtiltak for barn og unge blitt eit politisk satsingsområde. Til tross for denne satsinga, har kunsten hatt ein marginal plass i dei norske læreplanane og i den praktiserande undervisninga i grunnskulen. NBK ser difor med uro på at den varsla styrkinga av estetiske fag i skulen ser ut til å utebli i dei nye læreplanane, som var ute på høyring våren 2019. Kunstens plass i skulen må styrkast ved at antall timar med kunstfag aukast gjennom heile grunnskuleløpet. Vurderingskompetanse og status i faget må løftast, og estetiske fag som kunst og handverk bør bli gjennomgåande fag frå 1. - 10. årstrinn, samt bli inkludert som trekkfag til eksamen på 10. årstrinn.

Ein føresetnad for vårt framtidige kulturliv er å gje barn og unge møter med profesjonell kunst og kultur. Det oppnår vi ved å involvere fleire profesjonelle kunstnarar i skulen, men òg ved å ha dyktige og kompetente kunst- og handverkslærarar. I dag er nærast halvparten av lærarane som underviser i kunst og handverk på mellomtrinnet heilt utan studiepoeng i faget. For å sørge for kvalitetsfagleg kunst- og kulturopplæring må skuleverket følgje opp kompetansekrav. Det er grunnleggjande naudsynt at alle lærarar i faget har kunstutdanning, anten som kunst- og handverkslærarar eller som kunstnarar.

Vidare må kvar institusjon for lærarutdanning styrke kompetansen sin og tilbodet sitt innan estetiske fag. Institusjonane må gje studentane verktøy og kunnskap om korleis dei kan arbeide med visuelle og kreative læringsprosessar, slik at kunst og visuell kommunikasjon får fokus i fleire fag enn kunst og handverk. Dette inkluderer at lærarutdanninga bør gjeninnføre obligatorisk opplæring i estetiske fag. I tillegg bør PPU bli tilbudt ved alle kunsthøgskular, der opptakskravet må vere BA frå kunstfagleg utdanning.

- Det bør innførast PPU-utdanning for visuelle kunstnarar ved alle kunsthøgskulane i Noreg. Søkarar med bachelorutdanning frå praktisk-estetiske fag må sikrast adgang til PPU-studiet
- Det må innførast kompetansekrav for å undervise i kunst- og handverk på same nivå som andre fag, altså minimum 60 studiepoeng på ungdomstrinnet og minimum 30 studiepoeng på barnetrinnet
- Det må vere obligatorisk med minst eitt emne i praktisk-estetiske fag i lærarutdanningane
- Antall timar med kunstfag må aukast gjennom heile grunnskuleløpet. Kunst og handverk bør bli gjennomgåande fag frå 1. - 10. årstrinn, samt bli inkludert som trekkfag til eksamen på 10. årstrinn

DKS

DKS si viktige rolle må bli ivarettatt, styrka og utvikla – særskilt bruken av visuell kunst. Samstundes er det viktig å understreke at det å gje DKS større plass i skulen ikkje legitimerer mangel på kunst og kultur i den generelle opplæringa, slik det nye læreplanverket tilsynelatande gjer. Dersom DKS-tilbod erstattar prioriteringa av dei estetiske faga i skulen, er dette ein trussel for både opplæringa og for det framtidige kulturlivet.

- Styrking av DKS må bli gjort parallelt med styrking av dei praktisk-estetiske faga
- Det bør definerast eit nasjonalt mål om at alle skular skal tilby kvar elev minimum fire visuelle kunstproduksjonar i løpet av grunnskulen
- Det bør innførast substansielle prosjektmidlar for DKS-produksjonar

Kulturskulen

Kulturskulen er, ved sidan av skuleverket, den einaste verksemda som utdannar barn og unge i kulturfaga og som samstundes er tilstades i alle kommunar. For barn og ungdom blir eit av dei viktigaste lokale tiltaka å auke både statleg og kommunal satsing på desse. For det første må det bli satt krav til både kapasitet og nivå for eigenbetaling, slik at alle får like høve til å ta del i kulturskulen. For det andre må det regulerast krav til fagleg nivå. Eit tiltak kan vere å etablere tilbod om relevante PPU-utdanningar for kulturskulelærarar, som gjev undervisningskompetanse i tillegg til kunstfagleg utdanning.

Kunstbruket – etablering av tverrfagleg møteplass

Ein av dei største utfordringane for å styrke samarbeid mellom skuleverket, enkeltkunstnarar og kunstinstitusjonar, er at det manglar ein arena for utveksling av idear og erfaringar. NBK ynskjer difor etablering av "Kunstbruket" etter modell av "Scenekunstbruket". Her kan kunstnarar og institusjonar gå i dialog, men òg kulturskulelærarar, kulturkontaktar og lærarar i ordinært skuleverk. På den måten sikrar vi tverrfagleg utvikling og kvalitetssikring i formidlingssituasjonar. "Kunstbruket" kan styrke arbeid med DKS, slik som "Testlab UNG" i regi av Nordnorsk kunstnersenter, i tillegg til å sikre at DKS ikkje blir einerådande for barn og unge sine kunstmøter under utdanningsløpet.

--

Norske Billedkunstnere ynskjer Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet lykke til i det vidare arbeidet og bidrar gjerne ved behov.

Venleg helsing
Ruben Steinum
Styreleiar
Norske Billedkunstnere